

surnadal kulturhus

Opningstider i kiosken på kulturhuset i oktober:
kvardagar 11.00 – 20.30, laurdag 11.00 – 16.00
og søndag 16.00 – 20.30

Frå 1. november vil kulturhuset vere opent alle dagar - 24 t.

www.surnadal-kulturhus.no



”MED SEGL OG WICHMAN”



”KNERTEN GIFTER SEG”



SURNADAL

www.varsog-hotell.no

Kulturkalenderen – Oktober 2010




På Kino



KNERTEN GIFTER SEG

Familiefilm | t. 15 min. Alle


Noregspremiere! No er Knerten endeleg tilbake. Denne gongen møter han pinnen i sitt liv. Knerten møter Karoline. Ein bjørkekvist av dei sjeldne. Det må nemleg ei uvanleg jente til for å vippe Knerten av pinnen. For som alle veit så veks ikkje pinnar som Knerten på tre. Det er duka for romantikk og spenning når Knerten og Lillebror vender tilbake til kinolerretet 24. september 2010.



INCEPTION

Spenning/Thriller | 2 t. 29 min. 15 år

Inception er sjølve filmbomba i 2010. Dette kritikkarroste meisterverket har teke kinopublikumet med storm, snart 350.000 har sett filmen på norske kinoar. Kriminaliteten har entra underbevisstheita. Verdifulle hemmelegheiter kan innhentast frå folk medan dei søv, og ingen gjer det betre enn Dom Cobb (Leonardo DiCaprio). Ein siste jobb skal gje han eit normalt liv etter eit omflakkande tilvære på rømmen, men da må han klare det nesten umulege: "inception".



TOY STORY 3 (NO.TALE)

Animasjon/Familiefilm | t. 50 min. 7 år

Leikene er tilbake! Når Andy gjer seg klar til å dra på college, er Buzz, Woody og resten av dei lojale leikene hans uroa for framtida. Toy Story 3 er eit komisk eventyr som plasserer leikene i et rom fullt av utemma smårollingar som ikkje kan vente med å få dei små kissete fingrane sine i desse 'nye' leikene. Det er totalt kaos og leikene prøver å halde samene under mottoet 'ingen leiker skal etterlatast'.



VARGVEUM –SKRIFTEN PÅ VEGGEN

Krim | t. 28 min. 15 år


Varg Veum har roa ned livet med den nye kjærasten Karin, og fått seg fast jobb som lærar. Men idyllen varer ikkje lenge. Varg får eit brutalt møte med fortida da erkefienden "Kniven" slepp ut av fengsel, fast bestemt på å hemne seg på alle dei som fikk han dømt for drapet på ei tenåringsjente. Snart er Varg vikla djupt inn i ei sak der han må ta eit tøft oppgjær med seg sjølv; var han sjølv utan skuld i dødsfallet? Den einaste som veit svaret er Kniven, og for han gjeld berre ein ting: å la Varg få smake sin eigen medisin.



SOM HUND OG KATT: KITTYS HEVN (NO.TALE)

Familiefilm | t. 26 min. 7 år

Kitty Galore, tidlegare agent for kattespijonorganisasjonen MJAUS, har hamna på ville vegar og klekka ut ein djevlesk plan. Den skal ikkje berre få hundefiendane hennar på plass, men også nedkjempe dei tidlegare kattevenene og gjere heile verda til hennar kattestativ. Ein dag kjem den store og verkelege trusselen, no må katter og hundar samarbeide for første gong i historia. Denne usannsynlege alliansen skal redde seg sjølve - og menneska.



THE EXPENDABLES

Hardkokt action | t. 44 min. 15 år

The Expendables er ein hardtslåande action/thriller om ei gruppe leigesoldatar som får i oppdrag å infiltrere eit søramerikansk land og å styrte ein brutal diktator. Men når oppdraget er i gang, byrjar karane å sjå at ikkje alt er som det ser ut til, og dei er snart midt i eit livsfarleg nett av bedrageri og forræderi. Legendarisk film med sensasjonell rolleliste. Vi møter bl.a. Sylvester Stallone, Dolph Lundgren, Eric Roberts, Mickey Rourke, Bruce Willis, Arnold Schwarzenegger, Jason Statham og Jet Li.



Aktivitetar

STORSTUÅ

23.10. "Hele Norges Bennis!"

Teatret Vårt gjerer kulturhuset med førestillinga "Hele Norges Bennis!". Dette er ein komedie som Håvard Melnæs har skrevet. Melnæs er tidlegare journalist i Se og Hør. Han vart både kjent og omstridt då han skreiv boka "En vanlig dag på jobben".

Men denne gongen er det altså ein komedie om ein seks år gamal gut som forsvinn. Kva har skjedd med guten? Heile landet blir engasjerte i saka. Stykket er eit oppgjær med pressa sine prioriteringar og kva saker som får merksemd.

STORSTUÅ

30.10. "Med segl og Wichman"

Dette er ein kabaret med Bøfjorden Mannskor, Todalskoret og Åsskard Kyrkjeor.

Tekst og musikk er skreve av Bernt Bøe.

Kabareten er ein liten musikal over levd liv og autentiske hendingar i fjordbygdene våre. Mennene er med skuta "Bøfjord" i strev og storm og stille medan kvinner og barn står på land. Her er humor og vemod, drama og romantikk.

Kabareten varer 1 time og 15 minutt og brukar lyd, lys og sceneeffekter som dreg publikum inn i handlinga.

Kabareten er laga i 1995 og har vore framført fleire stader på Nordmøre og på Sandøy i Romsdal.

Mykje å gle seg til

10.-13.11. kjem Svarrabærje Teaterlag inn i Storstuå. Dei set opp ein god gammaldags bygdarevy.

25.11. kjem Hans Rotmo med "Vårres Jul".

11.12. blir det julekonsert med "Famntak".



Hei!

Velkommen som lesar og brukar av kulturkalenderen igjen. Sidan 1. mai har Vårsøg Hotell hatt ansvar for kulturutviklinga på Surnadal kulturhus. Karstein Telstad tok over ansvaret etter Lilli Husby med å utvikla eit godt og variert kulturprogram på huset. Karstein kjente dette arbeidsområdet godt frå før og hadde stor lyst til å få arbeide med kulturutvikling på nytt. For at vi skal kunne lykkast med å vidareutvikla kulturhuset vårt er god informasjon ut til dykk heilt avgjerande. Difor er vi glade for å kunne gje ut kulturkalenderen igjen. Kalenderen kjem ut ti gonger i året. Gjensidige Surnadal blir med oss som god sponsor, noko som var svært viktig for å kunne gje ut kalenderen.

For oss betyr det mykje at kulturhuset blir aktivt bruka som vår felles storstue. Har de innspel på kulturopplevingar eller aktivitetar som de ønsker på huset, er det berre å ta kontakt med Karstein.

Eg håpar verkeleg "nykalenderen" fell i smak!

Vennleg helsing
Bergsvein Brøske
Direktør Vårsøg Hotell.

Har du tatt el-sjekk på boligen din?

Du får stor rabatt på boligforsikringen din, dersom du gjennomfører denne og utbedrer eventuelle mangler på el-anlegget



GJENSIDIGE
Surnadal

Besøk oss i AMFI Surnadal
Tlf 03100
surnadal@gjensidige.no
www.surnadal-gjensidige.no

	Dato	Kl	Forestilling	Sal	Alder	Tid	Dette skal eg på (Set X)
Veke 39	1	18.00	Knerten gifter seg	Kammerset	Alle	1.15	
	1	20.30	Inception	Kammerset	15	2.29	
	3	18.00	Knerten gifter seg	Kammerset	Alle	1.15	
	3	20.30	Inception	Kammerset	15	2.29	
Veke 40	6	18.00	Per Fugelli – Verdensdagen for psykisk helse	Storstuå	Alle		
	6	18.00	Knerten gifter seg	Kammerset	Alle	1.15	
	6	20.30	Inception	Kammerset	15	2.29	
	8	18.00	Toy Story 3 (no. tale)	Kammerset	7	1.50	
	8	20.30	Inception	Kammerset	15	2.29	
	10	18.00	Toy Story 3 (no. tale)	Kammerset	7	1.50	
	10	20.30	Inception	Kammerset	15	2.29	
Veke 41	13	18.00	Toy Story 3 (no. tale)	Kammerset	7	1.50	
	13	20.30	Inception	Kammerset	15	2.29	
	15	18.00	Toy Story 3 (no. tale)	Kammerset	7	1.50	
	15	20.30	Varg Veum – Skriften på veggen	Kammerset	15	1.29	
	17	18.00	Toy Story 3 (no. tale)	Kammerset	7	1.50	
	17	20.30	Varg Veum – Skriften på veggen	Kammerset	15	1.29	
	Veke 42	20	18.00	Toy Story 3 (no. tale)	Kammerset	7	1.50
20		20.30	Varg Veum – Skriften på veggen	Kammerset	15	1.29	
22		18.00	Som hund og katt: Kittys hevn (no. tale)	Kammerset	7	1.26	
22		20.30	Varg Veum – Skriften på veggen	Kammerset	15	1.29	
23		18.00	Hele Norges Bensus! – Teatret Vårt	Storstuå	Alle		
24		18.00	Som hund og katt: Kittys hevn (no. tale)	Kammerset	7	1.26	
24		20.30	Varg Veum – Skriften på veggen	Kammerset	15	1.29	
Veke 43	27	18.00	Som hund og katt: Kittys hevn (no. tale)	Kammerset	7	1.26	
	27	20.30	Varg Veum – Skriften på veggen	Kammerset	15	1.29	
	29	18.00	Som hund og katt: Kittys hevn (no. tale)	Kammerset	7	1.26	
	29	20.30	The Expendables	Kammerset	15	1.44	
	30	19.00	Med segl og Wichmann	Storstuå	Alle		
	31	18.00	Som hund og katt: Kittys hevn (no. tale)	Kammerset	7	1.26	
	31	20.30	The Expendables	Kammerset	15	1.44	

Ut ein tur?

Noko å varma seg på?

Kulturkaféen serverar deilige kaffevariantar.

Kva med å prøva ein av variantane saman med "bakels og græt"?



Det Store Korslaget!

9.oktober skjer det!!

I den forbindelse serverer vi ein Søramerikansk inspirert buffet.

Bli med på "After Coir" du og!!

Pris pr strupe kr 225,-

Ring 71 65 71 00 for bordbestilling.

Norfolk spiller opp til dans og allsongfaktoren er stor!!!

Covercharge kr 150,-

Covercharge for spisande gjester, kr 50,-

Kino i haustmørket.....

Ta med din kjære eller en god venn på kino.

For 90,- kr kan de dele ein stor popkorn og kvar sin valfri brus.

Sjå og våre heimesider for meir informasjon.

www.varsog-hotell.no

Riktig God Oktober!